

INFORMASJON

Eit magasin frå Eidfjord kommune 1 | 2024 | Årgang 25

EIDFJORD NYTT

Løypemelding frå Visit Eidfjord KF

Kråkebu badstova

Harding Puls 30 år

Kultur- og eldsjelprisen 2024

Bilete: Heidi Hørstad Prestegård

Ordføraren har ordet

I førre sommarutgåve spurte ordføraren ChatGTP om råd om kva han kunne skriva om i Eidfjordnytt. Dette oppdaga eg heldigvis, sant nok etter at eg hadde henvendt meg til den same AI-teneste med same spørsmål. Utviklinga av kunstig intelligens har sidan då på ingen måte stoppa opp. Tvert imot, den aksellerer.

Regjeringa ba nyleg om at 80 prosent av offentleg sektor skal bruka KI innan 2025. Målet er at tilsette skal kunne sine kjerneoppgåver medan KI tek seg av det meir rutineprega. Kunstig intelligens i helsevesen har vist seg å levera gode – til dels betre – resultat i å identifisera beinbrot eller analysa MR-bilete. Også i oppvekstsektoren har KI gjort sitt inntog, og hjelper innvandrarar med språkopp-læring eller elevar på vidaregåande skule til å skriva betre søknadar om lærlingplassar. Samstundes er psykologar bekymra for at stadig fleire vil nytta KI for å få hjelp for si mentale helse, og utdanningssektoren fryktar konsekvensane for eksamensordningar når 2 av 3 mellom 18 og 29 seier at dei har brukt kunstig intelligens i studiar eller på skulen.

Som den tysk-sveitsiske legen Paracelsus sa på 1500-talet: «Gift er i alt, og ingenting er utan gift. Det er doseringa som avgjer om det er gift eller medisin.» Kunstig intelligens kan hjelpe oss å verte meir effektive, men



Ordførar Timo Knoch



KI-generert bilete

den har óg eit stort øydeleggjande potensial. 2024 vart allereie i januar utropt til året for «deepfakes», «som utnyttar kunstig intelligens for å lage videoer og lydinnhold det er svært vanskelig å avsløre som falskt.» (sitat frå medietilsynet). Dei kan brukast til uskyldig moro som når stemmane til Trump, Biden, Obama og Bush jr. vert brukt i ein fiktiv runde UNO (søk Biden & The Gang Play UNO på youtube). Men seinast i april dukka et opp ein deepfake av den danske statsministeren Mette Frederiksen som Dansk Folkeparti hadde lagt ut der ho angivelig avskaffar alle heilagdagane i Danmark med unntak av Id al-fitr. Ekspertar fryktar at denne teknologien vil verte misbrukt til å påverka valkampar i framtida, som presidentvalet i USA eller val til EU-parlamentet i haust.

KI er den siste nyvinning i digitaliseringa som har prega vårt samfunn i dette årtusenet. Denne utviklinga har gjort mange aspektar av vårt privat- og arbeidsliv lettare og betre. Men – med fare for å høyrast ut som ein teknologi-fiendtleg pessimist - når mobilskjermen vert vårt netthinne, sosiale mediar våre øyrar og «skya» vår hukommelse, så

vil me unekteleg stå i fare for å mista noko; i verste fall tillit, til kvarandre, til demokratiet.

I skrivande stund omfattar min private skylagring 233,5 GB, mesteparten bilete. Eg vert alltid veldig glad når OneDrive minner meg på kva bilete eg tok på akkurat dagen i dag i dei siste åra. Men ei av mine beste sommarminnar vil ikkje Microsoft kunne gje meg. Det var i 2006, eg og Wilma vandra Laugarvegur på Island og ut på ettermiddagen nærmar oss Álfvatn. Me står i utkanten av fjellplåtaet me har kryssa den dagen, det er solfylt og me ser utover ein raud og beige dal rett foran oss, eit grønsvarit landskap langar mot horisonten med innsjøen glitrande som midtpunkt. I dalen nokre hundre meter under oss kryssar ei flokk kvite fuglar. Eg tok ikkje bilete av dette, eg berre naut augneblinken. Dette minnet er med meg den dagen i dag og eg kan mana det fram når som helst, heilt utan digitalt utstyr.

Eg ynskjer alle lesarar ein fin og minnerik sumar!

Timo Knoch
-ordførar-



Bilete: Kari Tveit Hovland

Innhold

4	Batterijakten 2024	17	Nytt tilskot til badelivet i Eidfjord – Kråkebu badstova
5	Dyrk fellesskap og friluftsinteressa saman med Eidfjord Turlag	18	Kultur- og eldsjelpriisen 2024
6	Rådgjevar for klima og berekraft	20	Rusfritt 16.mai arrangement i Kinsarvik
6	Aktivitetar på bygdaheimen / Sansehagen	21	Skihelg i Myrkdalen
7	Flaumsikring av Lægreidsflata	22	JUBEL: Harding Puls 30 år
8	Påskegudsteneste på Liseth	24	Utflukt til Drevtjørn
8	Påskeskirenn på Dyranut	25	Skidagen i Ulvik
8	Påskekonserter med kulturskulen	26	Psykiatrisk sjukepleiar
9	Kommunalsjef HR og organisasjon	28	Kalking og overvaking av Svartavatn vassdraget
10	Løypemelding frå Visit Eidfjord KF	28	Godt og brukt
12	Reinholdsteamet i Eidfjord	29	Mellom Land og Lov: Ei tidsreise i Eidfjord gamle kyrkje
13	Friskliv og meistring	30	Modnen barnehage
14	Den store nasjonale SFO dagen	31	Songkoret Toneskredo
15	Åse Ljones, neste utstillar i Galleri N.Bergslien	32	Røde Kors
16	Trerettens middag på Halne Fjellstugu	34	Eidfjord ungdomsråd
16	Ein liten skatt til Galleri N. Bergslien	35	Mikroforteljingar/twitternoveller i 9. klasse

EidfjordNytt

vert utgjeven av
Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Heimeside:

www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00

Epost:

postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:

Eidfjord kommune

Grafisk produksjon:

Aksell





Bilete: Heidi Herstad Prestegård

Batterijakten 2024

4. klasse ved Lægreid skule var med på Batterijakten 2024. Dei samla inn heile 261 kilo batteri! Over 800 fjerdeklassar var med på konkurransen og samla inn utrulege 128 tonn batteri. Rundt 120 klassar klarte alle tre vekesoppdraga og samla inn maks kilo batteri pr. elev og kom difor på delt fyrsteplass. Deriblant dei flinke elevane i 4. klasse på Lægreid skule.

Tekst: Lægreid skule

Her er elevane sine eigne ord om Batterijakten:

– Me laga batterikunst og mange andre oppgåver. Me laga ei fele av batteri. Me fordelte oss rundt på ulike område i Eidfjord og Øvre Eidfjord (Solveig).

– Batterijakten var veldig gøy å vere med på. Det første vekesoppdraget var veldig gøy, då laga me kunst av batteri. Det andre vekesoppdraget var og veldig gøy sidan me skulle lage ein figur som skulle rydde søppel og andre ting som ikkje er bra for naturen. Det tredje vekesoppdraget var og veldig gøy sidan me gjekk i tog med plakatar i sentrum (Alexandra).

Batterijakten er gøy, kult og miljøvenleg. Batterijakten er viktig! Ikkje kast batteri i søpla! (Viljar)

– Me teipa polane på batteria slik at dei ikkje skulle lekke og begynne å brenne (Markus).

– Det var mange batteri å teipe (Amalie).

– Det var veldig kjekt å konkurrere med andre klassar (Tor).

– Eg og klassen min samla veldig masse batteri. Me gjorde 3 ulike oppdrag. Me laga batterikunst, me laga ei oppfinning og me laga plakatar (Jone).

– Eg synest det var veldig gøy alle tre vekene når me gjorde mange aktiviteter.

Eg synest det var gøy når me teipa alle batteria. Eg synest det var litt tungt når me bar alle batteria. Det var litt flaut når me gjekk i demonstrasjonstog med alle plakatanne (Hedvig).

– Batterijakten var spennande og me samla mange kilo batteri kvar dag. Me samla inn 261 kilo og me kom på delt fyrsteplass. I dag er me stolte over å ha hjelpt naturen og miljøet. Bli ein miljøekspert du og (Aurora).

– Batterijakten var veldig gøy. Eg har lært at me ikkje skal kaste batteri i bosset. Eg følte at me greidde å samarbeide godt. Takka vere Evy og Hilde og Batterijakten greidde eg å forstå kor viktig det er for miljøet at du ikkje kastar batteri i vanleg søppel (Sannah).

Dyrk fellesskap og friluftsinteressa saman med Eidfjord Turlag

Turlaget har fylt 1 år sidan sist, og ambisjonane er framleis skyhøge!

Tekst og bilete: Eidfjord Turlag

Stolpejakt i Eidfjord

I 2024 har me etablert Stolpejakt i Eidfjord, med 36 stolpar i Eidfjord og Øvre Eidfjord. Etter fyrste veka med Stolpejakt vart det registrert svimlande 2000 stolpebesøk av 150 unike brukarar! Alder på desse spreidde seg frå 7 til 90 år, og dei var heimehøyrande frå Trondheim til Suldal til Ringsaker. Me kan vel trygt seia at starten vart ein suksess, og så vonarr me at engasjementet strekk seg utover sommaren.

Me takkar stolte sponsorar som har støtta prosjektet; Eidfjord kommune, Bygger'n, Norsk Natursenter, Yx Eidfjord, Fjell og Fjord kafe & kremmeri, Hardanger Guideservice, Hardangervidda rakfisklag, Hardanger Fjordsafari, Statkraft, Eidfjord kyrkje og Xtremeidfjord.

Me gler oss til å oppsummera sesongen i haust for å sjå om me aukar tal stolpar i kommunen til sesongen i 2025. Me har framleis stolpar på lager!

Vedlikehald av stinett

I starten av året gjekk turlaget inn i ein vedlikehaldsavtale med kommunen på fira



stiar i Eidfjord. I vår har me hatt dugnad saman med turlaget sine medlemar på rundturen i Erdal via den freda brakjen, og på gamleveggen til Hjølmo. For oss er det viktig å oppretthalda fellesskapet kring stinettet i Eidfjord og invitera til eit felles tak for å halda dei fine og tilgjengelege for bygdafolket. Det har vore ein suksess! Dei neste stiane som står på blokka er stien til Skogaset og Varbergsnuten.

Har du spørsmål eller innspel til turlaget er det berre å huka tak i oss om me går forbi. Me synst det er veldig kjekt at bygdafolket deltek på arrangementa me har lokalt, samt turane me arrangerar. Turlaget har som målsetnad å vera der for bygdafolket.

Helsing Anne, Rebecka, Magnus, Frode, Jonas, Atle og Anita / styret Eidfjord Turlag

Helgeturar for sommaren

For sommaren har me turplanar på Hardangervidda; me skal på fisketur til Besso 12.-14. juli, og vandra opp Veigdalen til Hedlo og Hadlaskard 23.-25. august. Hedlo og Hadlaskard-turen er same tur som i fjor, som me ikkje fekk gjennomført grunna dårleg vêr. Me har enno ledige plassar på begge turane, og oppfordrar innbyggjarane til å melda seg på for ein triveleg tur. Me vonar å få til kortare dagsturar på seinsommaren og hausten, dersom vêret er med oss og tida strekk til. Følg med på våre facebooksider for innsikt i kva arrangement som kjem.

HAR DU IKKJE TESTA STOLPEJAKT ENDÅ?

Last ned applikasjonen 'Stolpejakt' på din mobil og lag deg ein brukar. Vel deretter 'Eidfjord' som stad og du får opp kart med stolpane på. Vel ein stolpe som din tur-destinasjon, lokaliser den og scan QR-koden. Målsetjinga er å samla stolpar og oppnå poeng. Stolpejakt er ein god motivasjon for å koma seg ut og oppleva nye stader.



Aktivitetar på bygdaheimen

Tekst og bilete: Aktivitetsavdelinga v/Kjellaug Enge



Oddgeir Bruaset vitja oss ein ettermiddag i april. Han heldt eit flott foredrag og det var fullt hus i aktivitetsavdelinga. Det var kjekt å høyra korleis det har gått vidare med nokre av dei han har laga TV-program om.



1. mai var det konsert med Toneskredo, med utdrag frå gospel-konserten deira. Det var ein koseleg ettermiddag med konsert og allsong.

Sansehagen



Bilete: Grethe Maurseth

No er arbeidet med sansehagen i gang. Det blir spanande å fylgje med ut over sommaren, og me vil koma med ei oppdatering på prosjektet i neste utgåva av Eidfjordnytt.

Rådgjevar for klima og berekraft

Heldige meg som skal få jobba med fine folk og flott natur i Eidfjord. Eg tok til i 30 % stilling som rådgjevar for klima og berekraft i mars. Eigentleg har eg alt vore i lang og tru teneste for kommunen med mine 19 år i Indre Hordaland Miljøverk, med Eidfjord som ein av eigarkommunane.

Tekst og bilete: Ellen Trulsdatter Astrup

IHM var eg leiar for kommunikasjon og arbeidde mykje med formidling og haldningsskapande arbeid. Om me skal greia å ta vare på ressursane våre på ein betre måte enn i dag, trur eg nykkelen er kommunikasjon. Sjølv om me har mykje av kunnskapen som skal til for å verta eit meir berekraftig samfunn, ligg det framleis krevjande arbeid framfor oss for at haldingane våre skal endrast. Om handling kjem av haldning eller omvendt, det er eit interessant spørsmål.

Eg har trua på at me menneske har eit stort endringspotensiale dersom me tør å utforska, vera modige og rause med kvarandre. Me reddar ikkje verda ved at me alle gjer det same som naboen, at me tenkjer likt eller ser like ut. Kreativitet, mangfald og takhøgda må etter mi meining få meir plass i samfunnet.


Eg er geograf i hjarta og sinn. Faget er sentralt for å forstå samspelet mellom natur og menneske. Som geograf har eg følt meg godt rusta i arbeidslivet, der eg stor sett har hatt stillingar knytt til natur- og ressursforvaltning. Med erfaring frå både Flora og Fjell kommune, og no nyleg klima- og miljørådgjevar i Voss herad, har eg kjent vestlandet på pulsen heilt sidan studietida i Bergen. På eit vis kjennes det som om ringen er slutta når eg no er attende i bygda der eg hadde mitt fyrste feltarbeid på åtti-talet.

Med kjærleik for faget og vestlandet, enda det ikkje uventa opp med kjærleik til ein vossing. Med fire skiglade alpinistar vart det vossingar av familien. I takt med at ungdomen flytta ut, tok eg gründerakademiet i regi av Næringshagen i Hardanger, og etablerte Miljøsmidjo som eg driv i dag.

I Eidfjord skal eg i hovudsak ha ansvar for arbeidet rundt Miljøfyrtårn, og mi fyrste oppgåve var å levere Miljøfyrtårn-rapportering for 2023. Det har vore ein fin måte å verta kjend med folk og organisasjon. Eg er audmjuk som får fylgja i noverande ordførar sine spor, og er heldig som framleis kan rådføra meg med ein gamal ringrev.

No gler eg meg til å ta fatt på vidare arbeidet med kontinuerleg forbetring av kommunen sitt berekraftarbeid. Vidare ser eg fram til å utforska alt det spennande som skjer her i bygda mellom fjell og fjord.





Illustrasjon av nedbørfeltet som drenerer til Lægreidsflata. Kjelde: Forprosjekt Flaumsikring Lægreidsflata, Eidfjord (Norconsult, 2023)

Flaumsikring av Lægreidsflata

Lægreidsflata i Eidfjord har gjennom tida vorte råka av sørpeskred i kombinasjon med flaum frå dei mange bekkane langs fjellsida. I periodar med nedbør i mildvårsperiodar kombinert med snø og tela i bakken, klarar ikkje bakkane på Lægreid svelga unna vassmengdane. Dette fører til auka overvassproblematikk, og at bygningar på Lægreid vert trua av flaumvatn.

Tekst: Drift og forvaltning. informasjon henta frå forprosjekt Flaumsikring Lægreidsflata, Eidfjord (Norconsult, 2023)

Overket gjer at den enkelte eigar av bygningsmasse er ansvarleg for å sikra eigen eigedom. Nye tiltak skal vurderast etter ein kvar tid gjeldande regelverk. Kommunen har eit generelt ansvar for å ivareta innbyggjarar og verdier ettersom kommunen har ansvar for den lokale beredskapen. Dersom ei kartlegging syner eit større sårbart område, gjerne knytt til viktige objekt som brannstasjon og sjukehus, skal kommunen og nasjonale mynde iverksetta sikringstiltak.

Under orkanen «Dagmar» i 2011 opplevde me nettopp dette. Flaumvatn tok nye vegar og førte til store skadar ved industri- og bustadområdet på Evjo. I etterkant av dette søkte Eidfjord kommune til NVE om bistad til flaumsikring av Lægreidsflata.

I åra etter er det gjort mindre avbøtande tiltak, dog har det vore behov for eit større tiltak for å løysa problematikken for framtida. Norconsult vart kopla på eit forprosjekt og skisserte fleire moglege løysingar med ulike fordelar og ulemper. Det vart i

forprosjektet peika ut ei preferert løysing; kanal ned Lusadalen.

Flaumkanalen ned Lusadalen startar i ei oppsamlingsgrøft langs markene på Lægreid frå Gamlenaustvegen mot Esmarhaug. Under Gamlenaustvegen vil det leggjast ein kulvert som går over i eit ope bekkefar bak kommunen si tekniske avdeling/gamle brannstasjonen. Bekkefarete vil vera ope ned Lusadalen fram til bustadhusa, her vil vatnet gå inn i ein kulvert og kryssa under Eidfjordvegen/Riksveg 7 før vatnet går i fjorden.

Løysinga har fordelar då den nyttar eit eksisterande bekkefar og store delar av anlegget kan ligga ope. Opne løysingar er positivt for drift og vedlikehald av anlegget, det gjer betre landskapsmessig utsjånad, vil verka betre i ein flaumsituasjon, samt reduserer det kostnader.

Det er dog knytt utfordringar til prosjektet; tiltaket råkar dyrka mark og eit naturområde med førekomst av kulturminner som me må ta omsyn til under projektering

og gjennomføring. Tiltaket krev òg at me må kryssa to vegar, Eidfjordvegen/Riksveg 7 og Gamlenaustvegen. Anleggsarbeidet på Riksveg 7 vil påverka framkoma ved periodevis stenging av eit køyrefelt. Gamlenaustvegen vil òg få redusert framkoma i periodar.

Prosjektet er av stor skala og har stor verdi for beredskapen til Eidfjord kommune. Det er naudsynt å gjennomføra prosjektet for å sikra liv og materielle verdier. Prosjektet er også ein del av tilrettelegginga for å realisera bustadfeltet BKS1 og BKS2 på Lægreid, ettersom me ved tilrettelegging av bustader må oppfylle visse krav til tryggleik frå flaum og skred.

Prosjektet er eit spleiselag mellom Eidfjord kommune, Statens vegvesen og NVE, der NVE har største del av kostnadane. NVE si tunge investering syner kor viktig prosjektet er for lokalsamfunnet. Prosjektet startar opp når formelle avtalar er på plass.



Påskegudsteneste på Liseth

Tekst og bilete: Eidfjord kyrkja

For tredje året på rad arrangerte me gudsteneste på Liseth 1. påskedag. Dette er eit tilbod som har blitt tatt særst godt i mot blant hyttefolk, og også Eidfjordingar har tatt turen til fjells for å få med seg dette. I år var me mellom 50 og 60 personar tilstades. Været bestemmer om me skal vere ute eller inne. Det fantastiske vertskapet på Liseth pensjonat og hyttetun legger alt til rette for at

det blir eit vellukka arrangement. Me synkjer å retta ei stor takk til dei.

I år kom tåka sigande rett før gudstenesta så me tok heile festen inne. Johannes heldt gudstenesta i lag med Christian, Kris og Ingeborg. Bjørg og Lars diska opp med kaffi og kaker etterpå.

Folk spør om gudstenesta på Liseth 1. påskedag kan bli ein fast tradisjon, og det vil me i kyrkja jobba for at det blir.

Påskeskirenn på Dyranut

Tekst og bilete: Heidi Herstad Prestegård

For tredje år på rad gjekk påskeskirennnet på Dyranut av stabelen, påskeafta 30. mars. Dyranut fjellstova stod bak arrangementet, og med hjelp av Dyranut turisthytta vart løypene køyrde og klartgjort kvelden før. 33 ivrige deltakarar stilte til start i år, med sjølvaste påskeharen i front. 6 av deltakarane var påmeldt vaksenløypa - ei lengre løypa med både motbakke og eit solid hopp inn i mål. Etter målgang var det sal av blågrilla pylser og varme kanelbollar. Deretter var det duka for premieutdeling. Alle deltakarane fekk diplom samt heime-laga drops a'la Ragnhild på fjellstova.



Påskekonserter med kulturskulen

Tekst: Detelina Deneva | Bilete: Ruslan Stepanov

20. mars var det påskekonserter med elevar frå kulturskulen. Det var god stemning og myke publikum i salen på Samfunnshuset. Borna fekk framføra fine pianomelodiar, kjende norske og engelske poplåter og dans, både ballet og moderne stil, med flotte koreografiar.

Konserten vart avslutta med stor applaus frå stolte foreldre og sysken! Borna fekk deretter utdelt små posar med påskegodt.

Kulturskulen har mange flinke elevar, som øver med glede og likar å syna fram det dei har lært. I løpet av mai og juni skal borna få delta og opptre på forskjellige scener og arrangement, mellom anna på Røde Kors omsorg, Matkulturdagen i Eidfjord, De unges festspilldag i Bergen og Kulturskuledagane på Voss. Høgdepunktet vert nok sommarkonserten til kulturskulen, der alle elevar er med.

Kommunalsjef HR og organisasjon

Eg er 51 år og busett i Kinsarvik med sambuar og to born. Me driv eit lite sauehald på Huse som opptek mykje av fridtida mi. Ellers er eg glad i jakt og friluftsliv, og litt oldboystrening.

Tekst og bilete: Eivind Gregersen

Utdanninga mi tok eg ved høgskulen i Telemark, og tok derest til i stillinga som HMS-rådgjevar i Skien kommune i 1998. Der jobba eg fram til 2006 før me valte å flytta vestover igjen. Då vart det jobb i Odda bedriftshelse-teneste. Frå 2008 arbeidde eg som Navleiar i Nav Ullensvang fram til 2015, då gjekk eg over i personalsjefstilling i Ullensvang herad. Eg var heldig og fekk jobb som prosjektdarbeider i samanslåinga med nye Ullensvang kommune, der eg frå 2020 tok til i HR-sjefstilling. Så valte eg å søkja stilling i Eidfjord kommune, og har vore tilsett som kommunalsjef HR og organisasjon sidan 1. mars.

Eg har fått eit godt fyrsteintrykk av Eidfjord, trivst veldig godt i jobben, og ser fram til å verta betre kjent med organisasjonen.

Målet vidare er å fortsatt arbeida for at Eidfjord kommune skal vera ein attraktiv arbeidsplass som dei tilsette ynskjer å vera ein del av. For å få dette til må me saman laga gode arbeidsplassar, og utarbeida gode rammer for alle tilsette. Rekruttering vil vera eit viktig område, og alle tilsette kan vera med på å bidra; med

å framsnakka eigen kommune og skapa gode møteplassar mellom leiing, tilsette, tillitsvalte og verneombod.

Eg ser fram til vidare arbeid i Eidfjord kommune, og ynskjer alle ein god sommar når den tid kjem.



Hurra for rein natur!



Voss Hardanger

Alt du kjeldesorterer kan bli til noko nytt.
Då sparar me råstoff, energi og miljø.
Takk for at du er med!

Tlf. 56 52 99 00 | birvh@birvh.no | www.birvh.no



SAMAN
FOR EI GOD SAK



Løypemelding frå Visit Eidfjord KF

Tekst: Inge Tangerås, dagleg leiar i Visit Eidfjord KF | Bilete: Heidi Kvamsdal

Bakgrunn og føremål med etableringa av Visit Eidfjord KF i 2023, er å ivareta Eidfjord kommune sine oppgåver og plikter knytt til:

- Forvalta, drifta og utvikla Eidfjord kommune si cruisehamn, der selskapet ivaretek kommunen sine forvaltningsoppgåver som er tillagt etter havne- og farvannsloven.
- Selskapet skal sikra ei sikker, framtidsetta og effektiv hamnedrift, samt leggja til rette for maritim utvikling.
- Ivareta kommunen sin vertskapsrolla for turistar gjennom drift av turistkontor og informasjonsformidling. Selskapet skal fungera som

ein støttespelar og samarbeidspartnar for reiselivsnæringa i Eidfjord kommune.

- Selskapet skal bidra aktivt til det grønne skiftet og særleg vektleggja berekraftig utvikling i samspel med kommuneadministrasjon, lokalt næringsliv og innbyggjarar.

Anders Vatlø er styreleiar i selskapet. Sjølv tok eg til i stillinga som dagleg leiar 1.11.23.

Organisasjon og ressursar

Paralelt med etablering av Visit Eidfjord KF vert Destinasjon Eidfjord AS avvikla og tilsette der overførte til Visit Eidfjord. Marit Stadheim har ny stilling som berekraft- og

destinasjonsansvarleg. I Heidi Kvamsdal sin stilling ligg ansvaret for marknadsføring av produkt og innhald på ulike plattformer og kanalar, inkludert foto- og filmopptak. Terje Monsen er sikringsleiar (PFSO) og styrer «pensjonistgjengen» som fortøyer cruiseskip og utfører sikring og vakthald.

Rekneskap, fakturering, løn og betalings-tenester vert utført av ekstern leverandør, Accountor avdeling Voss.

Book Hardanger AS

Selskapet vart oppretta i 2022 med føremål om sal og distribusjon av reiselivsprodukt i Hardanger. Selskapet, med kontoradresse i Eidfjord, er eigd av Ulvik kommune, Eidfjord kommune og Fjord

Tours i Bergen. Kommersielle produkt som tidlegare vart selde «over disk» i turistinformasjonen i Eidfjord, er no overført til Book Hardanger. Ansvar for å driva turistinformasjon ligg hos Visit Eidfjord. Book Hardanger sitt salsapparat er samlokalisert med Visit Eidfjord i turistinformasjonen på kaien. Sjølv om Book Hardanger supplerer med utandørs «salskontor» på cruisedagar, er det til tider travelt og trangt om plassen i turistinformasjonen.

Berekraft

Visit Eidfjord KF vart re- sertifisert som miljøfyrtårn den 19. april. Dette forpliktar, ikkje minst i høve til lokale ambisjonar, uttrykt i kommunen sine planar.

Etablering av landstraum for cruise i Eidfjord er etter søknad innvilga ENOVA-stønad på inntil 20 milionar med sluttdato 28.02.26. Landstraum for cruiseskip er utan tvil tiltaket med størst effekt for

reduksjon av lokale utslepp, men også med effekt for utslepp av klimagassar på nasjonalt nivå. No startar arbeidet med sak for politisk handsaming der ein mellom anna drøftar:

- Organisering av prosjektet
- Grensesnitt og omsyn til andre kommunaltekniske investeringar
- Eigarskap og samarbeid med andre partar
- Konsekvensar av å ikkje gjennomføre prosjektet

God og demokratisk besøksforvaltning


Som eit viktig grunnlag i arbeidet med besøksforvaltning, planlegg kommunen gjennomføring av ein tolegrenseanalyse denne sesongen. Analysen vil favna breidt, og gje eit tydeleg bilde av korleis turismen

i kommunen fungerer, og peika på tiltak og aktuelle endringar.

Lokal verdiskapning

I eit berekraftsperspektiv er lokal verdiskaping viktig. Kva tiltak kan me som reisemål gjera for å auka den lokale økonomiske effekten av turismen i kommunen.

Hamneinntektene frå cruisetrafikken har gitt kommunen stabile og gode inntekter gjennom mange år. Eidfjord er ein populær cruisedestinasjon og scorer høgt på målingar retta mot cruise gjester. Talet på cruiseanløp er attende på nivået før pandemien, med rundt 80 anløp frå slutten av april til ut i oktober.



Ein lokalbank i 125 år

Sidan 1899 har Vekselbanken vore ein stødig bank og ein god medspelar for vossingane, og no kan me tilby dei same gode banktenestene og personleg service i Eidfjord.

I 125 år har Vekselbanken hatt dei same verdiane: nærleik, tryggleik og tillit – verdiar som me no tek med oss vidare på reisa.

Velkomen til oss!



Vekselbanken

Ein god medspelar

1899 2024



125 år

Me er ein god medspelar for kundane våre i alle livsfasar og situasjonar. Du får personleg service og rådgjeving i samspel med smarte digitale løysingar.

Du kan treffa oss på vårt hovudkontor i Voss sentrum, eller på Sentrumstunet i Eidfjord. Les meir på **vekselbanken.no**

post@vekselbanken.no
Tlf. avd. Eidfjord: 975 52 501 (tysdag, onsdag og torsdag).

Reinhaldsteamet i Eidfjord

Reinhaldsteamet i kommunen har intervjuet kvarandre. Her kjem ein presentasjon av dei tilsette:

Eldbjørg Stenberg (38 år) kjem frå Odda, er busett på Lofthus og pendlar til Eidfjord kvar dag. Ho har vore tilsett som leiande reinhaldar sidan 2021. Ho er sjølv ein del ute «på golvet» som reinhaldar, og likar å møta menneske i dei ulike einingane. Ho likar gode gamle golv, som me har mange av i Eidfjord. Det som kan vera utfordrande som reinhaldar er mellom anna at det kan vera meir krevande å reingjera små overflater enn større. Til større og meir opne overflater du har jo betre er det å få reingjort, og du nyttar kortare tid med maskiner. Det er betre ergonomisk, meir miljøveneleg og ikkje minst økonomisk godt. Til sommaren ser ho fram til lange fine veteranbilturar, andre kulturopplevingar og hagekos.

Tidarat Taweesuk, eller Ning som dei fleste kallar ho, kom til Eidfjord i 2009 og er gift med Bjarte Eriksen. Ho byrja å arbeida som reinhaldar på eit hotell, men seinere vart ho tilsett i Eidfjord kommune med bygdaheimen som arbeidsplass. Ho har arbeidd på dei fleste einingane, men no er ho stort sett på skulen som reinhaldar. Det er viktig for ho å gjera ein god jobb uavhengig av i kva bygg ho arbeider i, og at kvaliteten på arbeidet er god. I år tek Ning fagbrevet sitt. Til sommaren har ho ikkje nokon planar. Ho skal nok vera barnevakt for eit barnebarn som går i barnehagen. Ho synst det er kjekt å hjelpe til når ungane hennar trenger det.

Justyna Malicka kjem frå Polen og bur i Øvre Eidfjord. Ho er ei 28 år livsglad dame, og er nyttilsett på reinhald i år. Som reinhaldar likar Justyna orden, struktur og å vera i rørsle. Ho er også ambisiøs og jobbar målretta med norskkurs. Justyna likar å møta nye menneske og å arbeida saman med dei. Ho likar jobben sin som reinhaldar fordi den er fleksibel og har hyggelege kollegaer. Det ho tykkjer kan vera utfordrande som reinhaldar er at det er fysisk tungt arbeid. Justyna er ellers ei aktiv dama som likar fiske, turar og sightseeing med familien og hunden. I september skal ho kosa seg på Mallorca, noko ho gler seg veldig til.

Marcin Adamski kjem frå Polen og bur i Øvre Eidfjord. Han er glad i livet og har ein positiv innstilling. Han kom til Eidfjord i 2021 og byrja å arbeida på reinhald i mars 2022. Han trivst veldig godt på jobb: "Jeg foretrekker å stå opp tidlig og ha fulle dager!". Han synst framleis at språket er ei utfordring. Sjølv om han er lettforståeleg, er det å forstå andre ikkje alltid lika enkelt. Når han tenkjer på sommaren, er jobb det viktigaste, fordi han gjerne vil byggja hus her i bygda. Fem veker ferie er dessutan for lenge for han; Marcin har nok med to dagar!

Wilma Bergman flytta til Eidfjord i 2008, saman med Timo Knoch. Ho byrja å jobba litt med reinhald i korona-tida då tilsette på skulen vart opplærte til å kunne overta andre jobbar i kommunen. Ho trivst så godt med reinhald at ho har haldt fram med dette, kombinert med jobben sin på SFO. Wilma synst det er kjekt å jobba i ulike bygg og omgivelser, og ho elsker roen i reinhaldsyret. Dei tekniske delane av jobben likar ho best, som bruk av maskiner og kunnskap om materialer og stoffer. Sommarplanane er ikkje helt klare ennå, men kanskje å reise til Italia? Familien har også tenkt på interrail gjennom Europa. Ellers gler ho seg til kreative prosjekt, og å vera ute i naturen.

Anna kjem opprinnelig fra Thailand, og er gift med Tor Helge Hereid. Dei flytta til Eidfjord i 2017 og Anna starta på reinhald i 2020. Ho liker at alt blir reint og fint, og synst det er kjekt å jobba med maskiner. Språket kan framleis vera ei utfordring, men ho klarar seg stort sett veldig bra i norsk. I sommar skal ho til Sverige saman med familien sin, og gleder seg til det! Der har dei funne ein fin campingplass med mange aktivitetar.

Naruemol kjem ifrå Thailand, er gift og har tre barn. Ho byrja å jobba i Eidfjord kommune i 2009. Ho er flink til å ta ansvar på jobb. Det er viktig for ho å gjera det reint, fint og ryddig slik at andre har det reint og godt når dei er på jobb. Naruemol synst det er viktig at arbeidet blir rettferdig fordelt, at alle er einige og lytter til kvarandre, og at alle tek ansvar for arbeidet sitt. I sommar skal ho og familien ta ein liten tur, og barna hennar skal jobba.

Anne Lise Fjetland Vivelid har to barn og to barnebarn. Ho synst reinhald har gode arbeidstider og er ein fin arbeidsplass. Anne Lise er dyktig i arbeidet sitt, og er ein god lyttar. Det meiner kollegaene hennar er ein god eigenskap fordi språk kan vera ein utfordring på jobb. Ho skal ha 4 veker ferie i sommar, saman med familien sin. Ho likar å vera på hytta i Vivelid!



Bilete: Katrine Helle Riber



Friskliv og meistring

Ynskjer du å oppnå betre helse? Treng du hjelp til å meistra kvardagen? Friskliv og meistring er eit interkommunalt tilbod for innbyggjarar i Vaksdal, Eidfjord, Ulvik og Voss herad.

Tekst: Ergoterapeut Eva Meland



Kommunane er gjennom helse- og omsorgstenestelova pålagt å tilby helsefremjande og førebyggjande helsetenester til innbyggjarane. Frisklivssentralar er ein anbefalt måte å organisera slike helsetenester på.

I 2023 gjekk Eidfjord inn i eit interkommunalt samarbeid om friskliv- og meistringstilbod med base i Voss herad. Andre samarbeidskommunar er Vaksdal og Ulvik. Ved å samarbeida på tvers av kommunegrenser vil me få eit større og betre friskliv- og meistringstilbod, som me kanskje ikkje hadde fått til utan samarbeid. Tilbodet er primært retta mot vaksne over 18 år.

Friskliv og meistring tilbyr kurs, gruppetrening og individuell rådgjeving som kan hjelpa deg med:

- Betre kosthald
- Fysisk aktivitet
- Meistring av stress eller belastning
- Meistring av depresjon
- Auke kvardagsglede
- Betre søvn

Her får du oppfølging tilpassa dine behov og føresetnader, slik at du sjølv vert i stand til å meistra kvardagen på ein måte som gjev deg betre helse og førebyggjer for livsstilssjukdomar.

Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samtale. Du treng ikkje tilvising frå lege. Du vert kalla inn til ein oppstartstime kor me saman finn ut kva du treng og ynskjer av oppfølging. Påmelding til kurs og treningstilbod skjer i helsesamtale med frisklivsarbeider. Kurs og treningstilbod vert ein del av din målretta og tilpassa oppfylgtingsplan. Du må sjølv ynskje ein endring i livsstil eller levevanar.

For meir informasjon om dei ulike kursa og gruppetreningane, sjå heimesida til Eidfjord kommune – Folkehelse, friskliv og meistring, Voss herad.

Følg med på vår Facebookside og Instagram!



Å spikka seg seljefløyta er både kjekt og litt vanskeleg. Godt med god hjelp.

Den store nasjonale SFO dagen

Tekst og bilete: Lægreid skule v/Hilde Anette Bu

Store og små på SFO gledde seg veldig til å markera den store dagen for aller fyste gong, og valte å markera den fredag 26. april. Foreldre, førskulegruppa i barnehagen og formannskapet var inviterte til å vera med oss og feira SFO sin "bursdag". Borna lagde mange fine plakatar og vimplar som me pynta med. Dagen vart opna med å synga Eidfjordsongen, og det vart servert bollar, is, saft og kaffi/te.

Tema for dagen var aktivitet og rørsle og me laga til mange kjeke leikar ute, som såpeboble-leik, diskotek, spikka seljefløyta, bocca-spel og kubb.

Det vart ein kjempefin fest, med mykje aktivitet der både store og små koste seg. Det var veldig kjekt at så mange hadde høve til å vera med oss denne ettermiddagen.



Diskotek med Chicken song og oppvisning.



Her er ei gruppa i gang med bocca.



Å blåsa såpebobler er knallkjekt. Nokon av boblene vart gigantisk store! Synd dei sprakk før me rakk å ta bilete, men kjekt var det!





Opning av dagen med song til gjestane våre.



Åse Ljones, neste utstillar i Galleri N.Bergslien

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso



13. juni kl. 18:00 opnar utstillinga «Med lyset» med tekstilkunst av Åse Ljones.

Ljones er fødd og oppvaksen på Ljonestangen i Strandebarm. Faren var fiskar og båtbyggjar, og mora jobba på småbruket. Alle ressursar skapte på heimstaden vart brukt, ingenting gjekk til spille. Bestemora var ofte innom med garn, vev og nål og inspirerte henne til tekstilarbeid. Ljones vart etter kvart medviten om at det var handverkar ho ønskte å bli. Seinare følgde studiar ved Bergen Tegne- og Maleskole (1983–1984) og Statens Høgskole for Kunsthandverk og Design (1984–1989).

Ljones seier sjølv:

Eg er oppteken av lyset, glansen og rørsle i stillheita, med innslag av uro - det ufullkomne.

Eg syr stikk for stikk og gjentar og gjentar. Synåla blir som blyanten. Eg startar med eit format, så veks motivet, forma og komposisjonen fram intuitivt. Set ofte saman større verk av mange mindre. Eg er også glad i å jobbe i seriar, der små endringar skjer frå eitt verk til det neste. I botnen av kunstnarskapen ligg naturen, levd liv av erfaringar og opplevingar.

Utstillinga kan du sjå i Galleri N. Bergslien i perioden 13. juni - 18. august, galleriet er ope kvar dag kl. 11 - 17 i denne perioden.



Ein liten skatt til Galleri N. Bergslien

Tekst og bilete: Bergljot Maria Veivåg Hauso

I vinter fekk Galleri N. Bergslien tilbod om å kjøpa ein flaskekork. Korken er laga av Nils Bergslien og var tidlegare i privat eiga. Korken er utført i tre og er svært forseggjort med utskjæringar og mange små detaljar.

Korken vil verta utstilt i galleriet så snart me har fått på plass ein passende utstillingsmonter som sikrar verket.

Trerettters middag på Halne Fjellstugu

Tekst og bilete: Halne Fjellstugu v/Geirmund Tormodsgard

Dei står på 24/7 for å halda Riksveg 7 vinteropen, slik at du og eg skal kunne ferdast mellom aust og vest gjennom dei tøffe vintermånadane. Dei er avgjerande viktige for oss som driv verksemd langs vegen, og likedan for Encon og andre som transporterer varer over fjellet.

Ilag med Encon, som køyrer over vidda fleire gonger i veka, inviterte me på Halne Fjellstugu gjengen i Geilo Tomteservice AS,

Mesta og Presis Vegdrift til ei samling med trerettters middag 17. april. Dette for å syna dei kor utruleg stor pris me set på dei, samt takka dei for godt samarbeid.

Det vart eit koseleg lag med mange gode historiar, både frå den ferskaste vintersesongen og frå tidlegare sesongar. Ei fin avslutning på ein lang og hard vinter på Hardangervidda.



Nytt tilskot til badelivet i Eidfjord – Kråkebu badstova

Til sommarsesongen 2024 har det dukka opp ei badstova på Kråkeskarvet. Ideen fekk grobotn gjennom innspel til kommunen sitt budsjett for 2024. I løpet av våren har badstova vorte byggjesøkt, tinga, montert og beisa av kommunen. Badstova har fått det klingande namnet «Kråkebu».

Tekst og bilete: Drift og forvaltning

Badstover har tatt Noreg med storm, dei poppar opp «over alt». Eidfjord har no fått si eiga offentlege badstova. Badstova skal vera open for bruk av innbyggjarane gjennom året.

Kommunen har sett ut Kråkeskarvet som den beste plasseringa. Det nye tilskotet styrkar badeplassen som allereie har god tilkoma og parkering, bra fasilitetar med vatn og toalett, samt god tilkoma til

sjø. Badstova er trekt vekk i frå stranda for å skapa ulike soner på området. Badstovemodellen som er valt gjev god utsikt over fjorden med svaberga rett utfor.

Det er ei magisk oppleving å nyta vår og vind (les: trekk) i Eidfjord året rundt. Me vonar badstova vert eit kjærkome tilkot til badelivet i Eidfjord, og at ho vert godt ivareteken!



www.hardangerfjordsafari.no

Eidfjord harbour every day

**HARDANGER
FJORDSAFARI**

EXPERIENCE HARDANGER FROM THE FJORD

+47 919 90 932



Bilete: Ruslan Stepanov



Kultur- og eldsjelpriisvinnar Svein Magne Haugen. Bilete: Heidi Herstad Prestegård

Kultur- og eldsjelpriisen 2024

Tekst: Timo Knoch

Ei av gledene med å vera ordførar i Eidfjord er å heidra lokale eldsjeler på 17. mai annakvart år med kultur- og eldsjelpriisen. I 2024 er denne prisen for fyrste gong dotert med kr. 50 000,-. Det har kome fleire gode innspel til formannskapet, og me vil takka alle saman som har sendt inn forslag.

Men det er berre ein som kan vinna...

Personen som foreslo prisvinnaren i år skreiv sjølv at hen ikkje hadde full oversikt over vedkomande sitt bidrag på kulturfeltet. Eg er imponert over breidda av kulturaktivitetar prisvinnaren har engasjert seg i, alt frå film- og radioproduksjon til kunsthåndverk og biletkunst. I forslaget

vart særleg filmane, og ikkje minst den omfattande formidlinga av desse i lokalsamfunnet, trekt fram. Når det kjem til kunsthåndverk, så var eg og familien på tur i Øvre Eidfjord på himmelfartsdagen. Plutseleg kom me over ein benk som var utsmykka med ein laks ved stien langs elvebreidda, og som årets prisvinnar har laga og satt opp. Personleg vil eg berre tilføya at eg óg set veldig pris på vedkomande sin gode og lune humor, som eg fekk vitna i samtalar som biblioteksjef då han lånte bøker som Analfabeten som ikkje kunne rekna og 100-åringen som klatret ut av vinduet og forsvant.

Kultur- og eldsjelpriisen 2024 går til Svein Magne Haugen!



Barnehagetog 16. mai.
Bilete: Kari Ann Myhre Vikane



17. maitog på Bu. Bilete: Trude Rinaldo



Tale ved ordførar Timo.
Bilete: Heidi Herstad Prestegård Knoch.



Tale ved Hilde Anette Bu



Barnehagen og småtrinnet gjekk i tog til bygdaheimen 16. mai.
Bilete: Kari Ann Myhre Vikane



Hardangerbrua musikklag. Bilete: Heidi Herstad Prestegård



Bilete: Ruslan Stepanov

Rusfritt 16.mai arrangement i Kinsarvik

Tekst og bilete: Kari Lægrend

Det har no vorte tradisjon at ungdom frå Eidfjord, Ulvik, Ullensvang og skulekrinsen Granvin deltek på rusfritt arrangement i Husedalen, Kinsarvik. Utruleg kjekt at ungdom kan møtast slik på tvers av kommunegrensene. Ungdomskontaktane i dei ulike kommunane samarbeider om dette arrangementet. Planlegginga startar alle-reie hausten i forvegen.

I år var det kring 500 påmeldte ungdommar, og 27 av desse var påmeldt frå Eidfjord. I Huseskogen ved skytebanen var det full fart frå me kom til me skulle heim att; Go kart, paintball, grilling, bruskasseklating, zipline, bull ride og masse småaktivitetar som bungeerun, hoppeslott, tvekamp med meir. Heile arrangementet vart avslutta med konsert, i år med Bølgen, Lille Cæsar og Heux. Me hadde strålende vêr, og det var skikkeleg god stemning. Tusen takk til alle frivillige som stilte opp!



Bilete: Odd Gunnar Nordengen





Skihelg i Myrkdalen

Tekst og bilete: Gjengen som var på tur.

10.–11. februar reiste 35 ungdomar frå Eidfjord. Destinasjonen var Myrkdalen for ei fantastisk skihelg. For kun 200 kroner fekk me skipass for to dagar, rom på Myrkdalen hotel, pizzabuffet laurdags kveld og frukost sundags morgon.

På laurdag hadde me strålende sol, gode forhold i skibakken og flotte utsikter for ein fin dag. Timane med kveldskøyting var fylt med moro, som haldt fram då me kom inn på hotellromma.

Slitne, men glade ungdomar møtte til frukostbuffeten morgonen etter. Alt i alt var det ei vellukka og flott helg.

Tusen takk til Eidfjord kommune og dei vaksne som silte opp for denne fantastiske opplevinga!





JUBEL: Harding Puls 30 år

Den tverrfaglege kunstnarorganisasjonen Harding Puls markerte 4. mai - 2. juni i år sitt 30-årsjubileum med omfattande program av utstillingar, musikalske innslag, konsertar og verkstadar.

Av Inger-Kristine Riber, styreleiar

Kunst og mangfald sto i sentrum då jubileumsutstillinga "JUBEL" opna dørene på Kunsthuset Kabuso 4. mai. Dagen vart markert av talar, musikkinnslag og utstillingsopning. Med verk frå 26 kunstnarar, syner utstillinga ein imponerende variasjon av visuelle uttrykk, frå fargerike landskap til abstrakte verk, og frå humor til alvor. Den kunstnarlege reisa har vore mangfaldig, med både tradisjonelle material som maling og tekstil, til det meir

moderne digitale uttrykket gjennom video og animasjonar.

Harding Puls vart grunnlagd våren for 31 år sidan, og har sidan den gong jobba aktivt for å styrkja og synleggjera profesjonelle kunstnarar i Hardanger-regionen. Med mellom 60 og 70 dedikerte medlemmar har organisasjonen ikkje berre bidrege til å skapa eit levande kunstmiljø lokalt, men også sett sitt preg nasjonalt og internasjonalt.

Eit av dei mest minneverdige hendingane i jubileumsfeiringa var Fjord Pianorama som fann stad sommaren 2023 i Eidfjord. Dette arrangementet samla kunstnarar frå heile Hardanger, og vart ein stor suksess som trekte ein betydeleg mengd publikum til Galleri N. Bergslie.





Feiringa av Harding Puls sitt 30-årsjubileum stoppa likevel ikkje med utstillinga. Vidare i mai vart det fleire arrangement, inkludert urframføring av "Møte med eiga maske", ein unik konsert tilverka av komponist og pianist Inger-Kristine Riber inspirert av kunstnaren Lars Gunnar Polden. I tillegg presenterte skodespelar Arnhild Litleré "Lunsjpoesi", akkompagnert av musikar Arild B. Nielsen.

Inger-Kristine Riber, styreleiar i Harding Puls, kommenterte organisasjonen si betydning og framtid. Ho påpeikte at Harding Puls ikkje berre er eit fagnettverk for kunstnarar, men også ei plattform for

å støtte og fremje kunstnarlege prosjekt gjennom stipendordningar og verkstader.

Riber reflekterte også over utfordringane kunstnarar har møtt dei siste åra, særleg på grunn av nedskjeringar i kulturbudsjett og dei økonomiske konsekvensane av pandemien. Ho understreka viktigheten av å oppretthalde støtteordningar for kunstnarar for å sikre eit blomstrande kunstmiljø i Hardanger-regionen.

Feiringa av Harding Puls sitt 30-årsjubileum har vore ei påminning om betydninga av kunst og fellesskap, og ein anerkjenning av organisasjonen si langvarige innsats for

å berike det kulturelle landskapet i regionen. Som me ser framover, er det klart at Harding Puls vil halda fram med å vera ein sentral aktør i å fremja kunsten og styrkje det kunstnarlege fellesskapet i Hardanger i åra som kjem.

Bli kjent med nokre av medlemmene våre gjennom prosjekt PULS profil her:





Bilete: Ruslan Stepanov

Utflukt til Drevtjørn

Tekst: Flyktningtenesta

Ein regnfull fredag reiste flyktningtenesta i Eidfjord og Ulvik saman med dei ukrainske medborgarane våre til Drevtjørn i Ulvik for å prøva ut den norske asten av dei norske idrettane – langrenn! Nokon prøvde for fyrste gong, medan andre hadde litt erfaring frå ungdommen.

Entusiasmen var stor då me steig ut av bussen og alle såg det flotte anlegget på Drevtjørn. Ein stor takk til skigruppa i Ulvik IL som stilte med både ski, skisko, utstyr til konkurranse og ein flott kjentmann i Torkjell Børsheim som fylgde oss og bidrog gjennom dagen. Siden det var planleggingsdag på skulen denne dagen kunne ei større barnegruppa vere med, både norskfødde og ukrainske. Me kan læra mykje frå barn - og måten dei kan omgås kvarandre, sjølv om det er språkforskjell

og dei ikkje kjenner kvarandre frå før, er nok ein av dei aller viktigaste. Det var flott å sjå korleis dei fann kvarandre og lærte kvarandre både norsk og ukrainsk og koste seg i lag.

Både store og små sprang rett bort til skia og byrja jobben med å få på seg dei rare skoa som skulle få skia til å sitja fast. Med litt om og men stod dei snart alle fastspente i skia. Borna stortrivst med ski på beina, og nokre av dei utfordra kvarandre på å klara å ha skia på heile dagen utan å ta dei av – ikkje ein gong for å eta pylsa!

Etter kvart som me har blitt betre kjende med ukrainarane har me fått sett eit stort konkurranseinstinkt, og me la opp til ein venleg konkurranse for dei som ville det. Her var det deltakarar frå 5 til 70 år, og heilagjeng i same aldersspenn!

Konkurranse var ein stafett med 3 lag og ulike aktivitetar på kvar etappe. Dei skulle under bommar, kasta snøball, køyra slalom og fleire andre element. Heilagjengen leverte med ein enorm entusiasme og heiarop på både norsk og ukrainsk, og det heile vart krona med premie til samtlege - både deltakarar og heilagjeng.

Då dagen gjekk mot slutten vart det vafler før bussen tok alle attende til Ulvik og Eidfjord. Undervegs vart me tipsa om at det var observert spekkhoggarar i fjorden, men me fekk diverre ikkje sjå dei denne gong. Vel heima var det berre glade ansikt å sjå.

Ein av deltakarane på turen, Ruslan, er fotojournalist og har laga eit eiga innlegg i denne utgåva av Eidfjordnytt. Der kan du kan sjå nokre blinkskot!

Skidagen i Ulvik

Tekst og bilete: Ruslan Stepanov

Om morgenen 15. mars dro ukrainere fra Eidfjord til Ulvik for å finne ut hvordan den aktive rekreasjonen av nordmenn på langrenn er.

Som det viser seg ligger skiløypa høyt blant fjellene ved Ulvik.

Du kommer dit langs den gamle veien til Granvin.

Denne vakre plassen kalles Drevtjørn skiløypa.

Den har fått navnet sitt fra en liten innsjø med samme navn. Men det er også et annet vann i nærheten, dette er Stokkavatnet.

Det er mellom disse to innsjøene, omgitt av pittoreske fjell og skog, at dette stedet for sport og turisme ble opprettet i 1989.

Turistkomplekset består av flere stier av ulik lengde og kompleksitet.

Ukraina er et ganske varmt land, vintersport er mye mindre populært der enn i Norge. Derfor er det ikke alle ukrainere som vet hvordan de skal stå på ski.

Noen av oss så sko som kobles til ski for første gang.

Men mange bestemte seg for å prøve langrenn, spesielt barn.

Uerfarenheten vår førte selvfølgelig til noen skader. Men jeg skynder meg å berolige deg, denne mannen er allerede i ferd med å komme seg.

Aktiviteten var perfekt for barna.

En tur på langrennsbane, et stafettløp, å skli ned en bakke, vitser og latter - dette trenger et barn for å ha det gøy med foreldrene og vennene sine.

Ukrainske barn behersket norsk veldig raskt, så kommunikasjonen med norske barn under aktiviteten var enkel og hyggelig.

Mens folket slappet av og nøt turen, hadde laget Zhenya mange deilige grillpølser. Tusen takk.

En interessant del av denne turen var at vi møtte noen ukrainere fra Ulvik. Det var en god anledning til å dele vår erfaring med å bo i Norge.

Denne dagen fikk vi mange gode inntrykk, pustet inn fjelluft og så nok et vakkert hjørne av Norge, gjemt i fjelldypet.


På vei tilbake så vi melding om at spekkhoggere hadde tatt seg inn i Eidfjord. Det er synd, men vi var uheldige å se dem. Men vi er ikke lei oss og håper at lykken smiler til oss neste gang.



Norconsult

Norconsult Hardanger og Voss leverer bygg- og anleggsrelaterte ingeniørtjenester samt arkitekt- og plantenester. Me er omlag 50 tilsette og har kontor i Eidfjord, Odda, Norheimsund, Rosendal og på Voss. Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samtale og be oss gjerne om pristilbod på arbeid du vil ha utført.

www.norconsult.com



Kontakt Eidfjord:
Lægreidsvegen 2A (Sentrumstunet)
5783 Eidfjord

tlf: 53 64 70 88/ 95 75 88 06
epost: endre.laegreid@norconsult.com

Norconsult







Psykiatrisk sjukepleiar

Tekst og bilete: Elin Sæbø Vik

Eg er nyttilsett psykiatrisk sjukepleiar i Eidfjord kommune. Då eg var ferdig utdanna sjukepleiar i 2010 jobba eg eit år på kreftavdelinga på Haukeland. Frå 2011 til 2023 jobba eg i akuttmotak/legevakt på Voss sjukehus. 8. april, etter nokre månadar som tilsett på Eidfjord bygdaheim, tok eg til i min nye jobb som psykiatrisk sjukepleiar.

Arbeidet mitt som psykiatrisk sjukepleiar er retta mot vaksne, i tillegg arbeider eg i ei prosjektstilling som omhandlar førebyggjande psykisk helsearbeid for born og unge.

Sjølv er eg 37 år, gift, har 3 born og har vore busett i Eidfjord sidan 2011. Opprinneleg er eg frå flotte Aga, men trivst godt i Eidfjord mellom fjord og fjell. Eg verdsit den flotte naturen me har rundt oss, har ein aktiv livsstil og er mykje til fjells både sommar og vinter. I tillegg synst eg verdien av å bu i Eidfjord, med korte avstandar til både barnehage, skule og fritidsaktivitetar, er stor. Det er ein god kommune å veksa opp i!

Eg er heldig som får møta mange ulike menneske gjennom mitt arbeid, og håpar eg kan vera med å hjelpa den einskilde til å meistra kvardagen.

Psykisk helseteneste for vaksne, born og unge i Eidfjord kommune

Tilbodet er retta mot menneske med psykiske vanskar, lidingar og konsekvensar

av lidingar hjå den einskilde, deira familie og nettverk.

Mål

Målsettinga med psykisk helsearbeid i kommunen er å bidra til å fremja sjølvstende og styrkja evna til å meistre eige liv for menneske med psykiske vanskar.

Me vil òg ha fokus på førebyggjande psykisk helsearbeid for born og unge.

Psykisk helseteneste er eit tilbod for dei med moderate psykiske vanskar, til dømes ved livsskrisar der det kan vera tilstrekkelig med hjelp ein kortare periode.

Tenesta gjev òg hjelp til dei som har ei psykisk liding eller rusvanskar.

Tilbod

- Oppfylgjing og støttesamtale
- Samarbeid med andrelinetenesta
- Tverrfagleg samarbeid med fastlegen og andre hjelpeinstansar

Pris

Tenesta er gratis.

Kontakt

Telefon til Elin Sæbø Vik: 47637020.

Kontakt psykiatrisk sjukepleiar direkte eller fastlegen for tilvising.

Godt og brukt

Tekst: Heidi Herstad Prestegård


Bilete: Vik café og restaurant

Invitasjonen frå Vik café og restaurant var som fylgjer: «Ta ei opprydding i klesskapet ditt, finn fram inntil 10 plagg du vil selja eller gi vekk og ta dei med på Vik».

Og det gjorde ca. 70 personar, både innanbygds og utanbygds, då det var bruksal av klede 10. februar. Alle som ynskte selja kle tok sjølve ansvaret med å merka og henga opp før salet starta. Kle som ikkje vart selde måtte kvar og ein ta med seg heim att. Kjøp og sal føregjekk via Vipps.

Stine Hereid Myklatun og Anna Marlene Hereid var primus motorar bak arrangementet, der tanken var å gje kle du ikkje lenger brukar nye eigarar. Samstundes kunne du finna nye skattar til klesskapet utan å belasta miljøet. Vinn vinn!

Etter kleshandling kunne kafeen freista med fastelavensbollar, suppa og kaffi.



Setjing av garn til prøvefiske i Vestre Krobutjørn i 2022.

Kalking og overvaking av Svartavatn vassdraget

Tekst og bilete: Drift og forvaltning

I år er det 30 år sidan Svartavatn-vassdraget vart kalka for fyrste gong.

Det har vorte kalka grunna sur nedbør i dei tidlegare åra, for å oppretthalda populasjonen av finprikkakaren i vassdraget. Kalkinga vart stoppa i 2013 då vasskvaliteten hadde gått opp og nådde krava auren har for gode levevilkår. I dag er vasskvaliteten god for fisken i vassdraget, men tilstanden er framleis for sur for næringsdyra til finprikkakaren som er skjoldkreps og marflo. Det har difor vorte kalka i 2017/20/22/23 og skal verta kalka i 2024 for å betra vasskvaliteten for skjoldkrepsen og marflo.

For å undersøka korleis kalkinga påverkar vassdraget og korleis vasskvaliteten har vore utan kalking har det vorte overvaka med vassprøvar, prøvefiske og ulike andre analysar kvart år i 31 år. Her har statsforvaltar, fjellstyret, kommunen, fjelloppsynet, ulike forskingsinstitusjonar (særleg NORCE) og eldsjeler delteke

på ulike måtar kvart år. Det er truleg eit av svært få høg fjellsvassdrag som har så lang og kontinuerleg overvaking, som har bidratt til mykje kunnskap og vil bidra til å utvikle mykje kunnskap i framtida.

Kalkingsmidlar og overvakingssmidlar vert gjeve frå Statsforvaltaren i Vestland og Miljødirektoratet. Herman Stakseng, Åsmund Tysse, Ove Gåsdaal, Gunnar Elnan og Arne Fjellheim har fylgt prosjektet frå start, og har vore sentrale for innhenting av kunnskapsmateriale og forvaltninga av vassdraget. Utan denne samansetninga av personar med ulik kompetanse og ekspertiseområder hadde ikkje prosjektet hatt den levetida den har. Det har vore mykje arbeid, mange dagar ute i felt med vêr og vind, men gleda for prosjektet har holdt stand. Kommunen håpar overvakinga vil kunna halda fram i mange år til for å sikra framtida for finprikkakaren og dens næringsdyr.

Mellom Land og Lov: Ei tidsreise i Eidfjord gamle kyrkje

Tekst og bilete: Inger-Kristine Riber

Omkransa av dei ærverdige veggane til Eidfjord gamle kyrkje inviterer me til ei unik oppleving den 28. juli klokka 21:00. "Mellom Land og Lov" er eit historisk forteljarprogram som tek deg med på ei reise gjennom Noregs saga knytt opp til landslova av 1274, kong Magnus Lagabøtes banebrytande arv. Arrangementet er ein del av den nasjonale markeringa av Landslovsjubileet, og me er glade for å kunna presentera dette i vårt lokale kulturlandskap.



Foto: medverkande Guttorm Rogdaberg og Reidun Horvei

Meir enn eit føredrag

Programmet går langt utover eit vanleg føredrag; det er ei djuptgåande tidsreise som utforskar det fundamentale skiftet landslova førte med seg i norsk retts-historie. Gjennom levande forteljingar vert fortida gjort nærværande i Eidfjord gamle kyrkje som sjølv er eit monument frå mellomalderen.

Medverkande

Guttorm A. Rogdaberg, kjend for sitt arbeid ved Agatunet, kulturvernarbeidar og ekspert på mellomalderen, er vår hovudforteljar.

Reidun Horvei, fylkeskvedar i Vestland og ein erfaren formidlar av historiske tema

gjennom musikalske forteljingar, med-
verkar med song og forteljing.

Inger-Kristine Riber, har laga lyddesign som komplementerer forteljingane, og tek oss attende i tid.

Anne Hesvik, ein kjent kunstnar, tilfører arrangementet ei visuell djupn med sine dekorerte tavler.

Landslovsjubileet er ei feiring av eit av dei viktigaste dokumenta i norsk historie, landslova av 1274, som markerte eit viktig steg i utviklinga av norsk rett og samfunns-
liv. "Mellom Land og Lov" er glade for å


vera ein del av den offisielle nasjonale markeringa av dette jubileet.

Me ynskjer deg hjarteleg velkomen til ei uforgløyemeleg oppleving der fortid møter notid i eit autentisk miljø.

For andre datoar i regionen, sjå:
www.land-og-lov.no



Magnuskvadet vart publisert 27. april 2024 på Onen Records som er Eidfjordbasert platelabel. Tekst Guttorm Rogdaberg, musikk Inger-Kristine Riber.



Modnen barnehage

Modnen barnehage og veldig mange andre barnehagar rundt om i landet er inne i ei krevjande tid. Barnehagane slit med rekruttering av både barnehagelærarar og fagarbeidarar.

Tekst og bilete: Modnen barnehage v/Grete Næss

Me ynskjer difor med dette innlegget å syna vår fantastiske arbeidsplass, og samstundes reklamera litt for barnehageyrket generelt.

Organisering i Modnen barnehage

I Modnen barnehage har me fire avdelingar. Eple, Blåbær, Molte og Tyttebær. Kvar avdeling består av team satt saman av pedagogisk leiar (utdanna barnehagelærar), barne- og ungdomsarbeidarar (fagarbeidar), assistentar og gjerna støttepedagogar.

Hjå oss har me òg både barneverns-pedagog og vernepleiar tilsett. I tillegg har me barnehagelærarar som tek vidareutdanning innan familieterapi, spesialpedagogikk og ikt i barnehagen. Den tverrfaglege kompetansen ser me på som svært nyttig, då me har ulike perspektiv og kan lære mykje av kvarandre.

Dei pedagogiske leiarane på kvar avdeling har ansvar for å iverksetja og leia det pedagogiske arbeidet på avdelingane. Den pedagogiske leiaren skal rettleia og syta for at barnehagelova og rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver vert oppfylt gjennom det pedagogiske arbeidet.

Prosjektarbeid i barnehagen

I Modnen barnehage arbeidar me prosjektbasert. I prosjektarbeid har barns nysgjerrighet og medverknad ein sentral plass, og barns lyst til å undersøka og utforska skal ha betydning for pedagogiske val.

I prosjekta er me opptekne av å fylgja dynamikken som oppstår mellom barna og temaet eller fenomenet som barna er opptekne av. Det er altså eit prosessorientert arbeid som ikkje nødvendigvis har ei



byrjiing eller ein slutt. Denne arbeidsmetoden baserer seg på ei haldning om at læring skjer når barnet er aktivt, og når det får moglegheit til å undersøka, utvida og fordjupa seg i det som verkar spanande og interessant.

Dette året har det vore jobba med mange ulike prosjekt som t.d. verdensrommet, planting, skinnvotten, dinosaur, vennskap, bæsje og fordøyingsystemet, meitemark, kroppen vår, regnbogen, skattejakt.

Det viktigaste er å få leika!

Leiken skal ha ein framtrédande plass i barnas liv i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig sida ved barnekulturen. Å få delta i leik og få vener er grunnlaget for barns trivnad og meningsskaping i barnehagen. I samhandling med kvarandre vert grunnlaget for læring og sosial kompetanse lagt.

Verdas beste og viktigaste jobb!

Å arbeida i barnehagen er ein variert og gjevande jobb. Å få lov å fylgja barn si utvikling gjennom fleire år i nært samarbeid med heimen er ein spanande,

utfordrande og ikkje minst lærerik jobb. Samstundes er det utfordrande å jobba i eit yrke der rekruttering er vanskeleg, og der du ikkje alltid føler du strekk til og får gjort nok for kvart enkelt barn.

I barnehagen har me eit stort fokus på refleksjonsarbeid kring barnesyn. Me har fokus på å sjå kvart enkelt barn som det er, med ressursea, kompetanse, evner og moglegheiter. Me vaksne skal sjå og gje omsorg til det enkelte barnet, og på den



måten støtte det i si utvikling og læring. Det er vår oppgave å leggja til rette for sosialt samspel, leik og læring. Me har fokus på å halda oss fagleg oppdatert, og gjennom dokumentasjon og refleksjon skal me reflektere over eigen praksis.

Alle born er ulike, og har ulike behov. Felles for alle born er at dei treng å verta møtt med forståing, dei treng å verta sett og høyrte. Det er ikkje det same som at borna alltid skal få det slik dei vil, eller at dei alltid veit kva som er best for seg sjølv. Dei treng likevel å høyra at vaksne forstår deira synspunkt, og at me heller gjev dei forklaring på kvifor dei ikkje kan få det slik dei vil.

Vil du jobba i Modnen barnehage?

Ta kontakt!

Einingsleiar Aina Næss tlf. 97 59 31 50
Styrar Anett Viveli tlf. 92 44 38 02



Bilete: Borghild Therese Vindenes Vik



Bilete: Frode Eriksen

Songkoret Toneskredo

Tekst: Hilde Anette Bu

Onsdag 1. mai hadde Toneskredo sesongavslutning. Me hadde ein minikosert på bygdaheimen med fire gospelsongar, og ei kjekk samling på Vik café og restaurant etterpå.

Neste gong me møtast er måndag 19. august kl.19.00 i Eidfjord kyrkje. Då er Tom-Jarle klar for ny sesong, og me ynskjer alle velkomne. Det er lov å koma innom og vitja oss på øving før du bestemmer deg.

Sjå kor flotte me er blitt!! Årets investering er kjole, skjorte og slips til alle, og me er svært nøgde med både komfort og fargepallett. Me bestiller sjølv sagt nye til hausten om nettopp DU vil vere med!

Vårens store konsertprosjekt var Gospelharmoni saman med Vossagospel og Vik Songlag. Me hadde tre konsertar, ein i kvar si bygd, og musikken vår vart svært godt tatt imot! Tom-Jarle Istad Kristiansen er dirigent i alle tre kora, og samarbeidet har vore svært



Me har slips ledig, og lovar komfort og songglede! Bilete: Hilde Anette Bu

kjekt. Det fristar til gjentaking, så våren 2025 er allereie under planlegging. Me håpar at eit liknande samarbeid let seg gjera, og då skal me presentera ein heilt annan musikk-sjanger! Nysgjerrig? Kom innom :)

RØDE KORS I NORGE

- Starta i 1865
- 150 750 medlemmar
- Ca. 40 000 Frivillige
- 360 Lokalforeningar
- Aktiviten er delt i 3 avdelingar
 - Hjelpekorps
 - Omsorg
 - Ungdom

7 Prinsipp i Røde Kors



Her i Eidfjord har Røde Kors vært aktivt i meir enn 30 år.
Me er organisert slik Røde Kors oppfordrer oss å gjere det;
eit styre pr lag av organisasjonen.

Røde Kors Eidfjord Hjelpekorps

Røde Kors Eidfjord Hjelpekorps har så langt i 2024 delteke på 14 aksjonar/ambulanseoppdrag.
Norges Røde Kors Hjelpekorps er organisert i områder.
Me er i område 4, Eidfjord-Ulvik-Voss-Vossestrand-Dale og Vaksdal.



Lokalt har me delteke på områdeøving og lokal øvingar før påske, i tillegg til aktivitetsdagen for ukrainske flyktningar saman med Røde Kors Omsorg.
Ellers i året tek me på oss sanitetsvakter på diverse arrangement lokalt.

Me er ein fin gjeng, men ynsjer oss fleire medlemmar.
Ta gjerne kontakt med leiar Svein Arne Tyssebotn om du kunne tenka deg kurs og kunnskap slik at du kan bidra med oss i laget.



Ein liten oppdatering frå oss!

Det har allereie gått 7 månader sidan oppstart og innviing av lokala våre som me no kallar "Nabolaget". Me er glade for å fortelja at det har vore mange fine kveld- og føremiddagstreffe desse månadane.



På Nabolaget er det full aktivitet heile tida. Det er ofte gode samtalar, brettspel, hobbyaktivitetar og ulike språkemner. Stemninga er god, med mykje latter og humor. Både born og vaksne ser ut til å trivast godt saman og sjølvstekt er det viktig med kaffi og kaker.



I november vart det arrangert ein målekveld med instruktørar og god stemning. Før jul vart det juleverkstad der me laga julepynt og pepperkaker. Ingeborg kom på besøk og framførte eit fint dokketeater. Dette var ei stor oppleving for born og vaksne. Særs populært var det med Bingokveld i mars med ivrige spelarar og flotte gevinstar.



På Påskeafta flytta me "nabolaget" ut på aktivitetsdag saman med Hjelpekorpsset på Maurset. Dette har no vorte ein koseleg tradisjon. Knut Johan køyrde bussen opp og det vart høve til å køyra snøskuter, ATV og beltevogn. Etterpå var det pølser og hamburgarar, påskeegg og kaffi utanfor Røde kors hytta.

Ope hus kvar torsdag er meint og vera for alle som kan på dagtid. Her er det fokus på den gode samtalen over ein kaffekopp og ein vaffel. Det har vore mange innom men me vil gjerne oppmuntra deg som enno ikkje har tatt turen til å komma. Kom som du er og ha ei fin stund saman med sambygdingar!

Denne våren vil me fortsetja med ulike aktivitetar og opplegg. Me vil derfor oppmuntra deg til å koma på besøk! Og for dei som kan, gå inn og sjå på Eidfjord Røde Kors sin felles Facebook!



OPE HUS

I partallsveker
TYSDAGER
18:00 - 20:00

KVAR
TORS DAG
12:00 - 14:00

PÅ NABOLAGET



Følg med RØDE KORS EIDFJORD på Facebook

MEDLEMSKAP

For aktiv, passiv eller støttemedlem. Kontingenten går til det lokale Røde Kors og den frivillige aktiviteten der.

Enkeltmedlemskap kr 300
 Familiemedlemskap kr 600
 Ungdom (13–25 år) kr 150 / Barn kr 60
 Livsvarig medlemskap kr 15.000
 Bedriftsmedlemskap kr 4.500

Har du spørsmål?

Leiar for Eidfjord Omsorg;
 Torleif Clausen Hjellødegård, #951 66 285
 Leiar for Eidfjord Hjelpekorps;
 Svein Arne Tyssebotn #992 06 715



Eidfjord ungdomsråd

Eidfjord ungdomsråd er eit demokratisk valgt organ med oppgåve å ivareta ungdommen sine interesser i Eidfjord kommune. Rådet skal arbeida med saker som ungdommane er opptekne av.

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso | Bilete: Kari Lægred

Samansetjing og funksjonstid

Eidfjord ungdomsråd består av 5 faste medlemmar og 1 vararepresentant. Leiar og nestleiar i ungdomsrådet er også med i Hardanger Ungdomsråd. Det vert halde val innan 1 januar kvart år. Medlemmane vert vald for 1 og 2 år i samsvar med vedtektene for Eidfjord ungdomsråd

Verv	Namn	Funksjonstid
Leiar	Anders Myklatun Hole	2024 + 2025 (2 år)
Nestleiar	Eivind Bu	2024 + 2025 (2 år)
Medlem	Martinius Næss Soleim	2023 + 2023 ⁴ (2 år)
Medlem	Ingeborg Vik	2023 + 2024 (2 år)
Medlem	Una Herland	2023 + 2024 (2 år)
1. vara	Are Dalseid	2024 (1 år)

Korleis arbeider ungdomsrådet

Det er sentralt at ungdomsrådet får tilsendt alle saksdokument som kommune arbeider med. Slik vert rådet eit høyrings- og rådsorgan for kommunen i saker som vedkjem barn og unge. Ungdomsrådet har mange og varierte oppgåver. Dei skal mellom anna vera med å fordela

økonomiske midlar til tiltak av interesse for unge. Rådet skal og arbeida for å styrkja ungdomane sitt samfunnsengasjement.

Har du innspel til saker

Har du innspel til saker til ungdomsrådet kan du ta kontakt med leiar av ungdomsrådet eller med sekretær for ungdomsrådet.

Medlemmar i Eidfjord ungdomsråd

Funksjonstida for ungdomsrådet er endra til at val må haldast innan 31.12 kvart år. Rådet vert konstituert og gjeld for eit år i gongen, det er kommunestyret som konstituerer ungdomsrådet.

Mikroforteljingar/twitternoveller i 9. klasse

Tekst: Lægreid skule

I haust arbeidde elevane i 9. klasse med mikroforteljingar eller twitternoveller som tema. Mikroforteljingar eller twitternoveller er forteljingar som formidlar ei heil historie ved hjelp av svært få ord.

I dette arbeidet fekk dei god trening både i kunsten å antyda, og å bruka eit svært presist og enkelt språk. Slike små forteljingar set også høge krav til lesaren, som må kunna lesa mellom linjene for å få med seg budskapen. Her er nokre av bidraga deira:

«To båtar. Storm. Ein båt kjem tilbake.
Leiteaksjon på gang».

ARTA

«Endeleg er fredagen her, tacoen er nær.
Utselt for kjøtdeig».

ADRIAN

«Utpå med venner, skal til Ulvik.
På veg tilbake, tom for bensin».

ALAN

«Skal setja hummarteiner, hiver han uti.
Tauet var for kort, mister teina»

MARTHINIUS

«Alt. Ingenting».

HELENA

«Heimsøkt hus. Ser meg sjølv i spegelen.
Nokon er bak meg».

ALISSA

«Gut 14, brunt hår og glad. Vann-skuter på sjøen, store bølger, fart, går rundt.
Luftbobler kjem til overflata».

ALAN

«Fly til Granca, glede uhell flamme, fart PLASK»

TRYM

«Ordførar, fjelltur, dum. Svolten, fraus, døydde».

STINE

«Gøymse med fem barn. Dei forsvann. Fire kister».

ALISSA

NORGE P.P.
Returadresse:
Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1,
5783 Eidfjord

Bilete: Heidi Herstad Prestegård

